



INDRE HORDALAND MILJØVERK IKS  
Postboks 161  
5701 VOSS

Saksbehandlar, innvalstelefon

Nina Vadøy, 5557 2316

# Endeleg rapport frå inspeksjon ved IHM Bjørkemoen avfallsdeponi

Kontrollnummer: 2022.229.I.SFVL

## Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

*Frå verksemda:*

Jon Grønsberg, Sven Gunnar Ramstad, Øyvind  
Birkeland, Einar Skeie og Siri Nesbakken

*Frå Statsforvaltaren i Vestland:*

Nina Vadøy og Kristin Espeset

## Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Indre Hordaland Miljøverk IKS (IHM) den 13. og 15. september 2022. IHM har kommentert rapporten i e-post av 30. november 2022. På bakgrunn av tilbakemeldinga er rapporten endra. Endringane gjeld presisering under avvik 2 og andre forhold. Rapporten er no endeleg.

Statsforvaltaren i Vestland avdekkja 3 avvik og gav ingen merknader under inspeksjonen.

Avvik:

1. Mottakskontrollen er ikkje tilfredsstillande
2. Internkontrollen for ytre miljø er mangelfull
3. Lagring og handtering av avfall oppå deponiet er ikkje i samsvar med krav

Avvik og merknader er nærare omtalte frå side 4 og utover i rapporten. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 3.

Kristin Espeset  
senioringeniør

Nina Vadøy  
senioringeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til: Voss herad og Miljødirektoratet

## 1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

### Ansvarleg eining

<b>Namn:</b> INDRE HORDALAND MILJØVERK IKS	
<b>Organisasjonsnr.:</b> 874834742	<b>Eigd av:</b> 971155876
<b>Bransjenr. (NACE-kode):</b> 38.110 - Innsamling av ikke-farlig avfall	

### Kontrollert eining

<b>Namn:</b> IHM Bjørkemoen Avfallsdeponi	<b>Anleggsnr.:</b> 4621.0045.02
<b>Kommune:</b> Voss herad	<b>Fylke:</b> Vestland
<b>Anleggsaktivitet:</b> Deponi for ordinært avfall	
<b>Løyve gitt:</b> 29.06.2009	<b>Sist endra:</b> 02.09.2022

## 2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overhaldne. Inspeksjonen er ein del av Statsforvaltaren sin lokale deponiaksjon og ei oppfølging av tilsyn med IHM Bjørkemoen avfallsdeponi som vart gjennomført 19. og 28. mai 2021.

Tilsynet vart gjennomført med heimel i forureiningslova § 48.

### Inspeksjonstema

- Særskilt oppfølging av avvik gitt etter tilsyn i 2021 (rapport 2021.006.I.SFVL)
- Brev med ny frist for oppfølging datert 6. april 2022

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

### Definisjonar

**Avvik:** Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

**Merknad:** Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

**Andre tilhøve:** Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifiserte som avvik eller merknader, kan også inngå her.

### 3. Oppfølging etter inspeksjonen

Indre Hordaland Miljøverk IKS pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som mogleg.

For at Statsforvaltaren skal kunne avslutte saka, ber vi om at de innan **1. februar 2023** sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvika er retta og kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde (handlingsplan med tidsfristar).

Vi ser alvorleg på avvika då det er gjentakande avvik. Vi vil følgje opp gjennomføringa av tiltaka med nytt tilsyn.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (sfvlpost@statsforvalteren.no) til Statsforvaltaren i Vestland.

### 4. Varsel om tvangsmulkt

Statsforvaltaren varsla at vi vil vurdere tvangsmulkt på 50 000 kr i brev datert 6. april 2022 dersom vi ikkje fekk tilbakemelding med dokumentasjon på at avvika frå tilsynet i 2021 var retta innan 25. august 2022. IHM gav tilbakemelding innan fristen og har retta avvik, men ikkje alle. Etter nytt tilsyn i 2022 er det konstatert nye avvik. Vi driv ikkje inn tvangsmulkta no, men varslar tvangsmulkt til ny frist for å sikre tilstrekkeleg framdrift i arbeidet med å følgje opp avvika i tilsynsrapporten.

Statsforvaltaren varslar derfor at dersom vi ikkje får tilbakemelding med dokumentasjon på at avvika er retta eller tidfesta handlingsplan på avvik som ikkje er retta innan **1. februar 2023**, vil Statsforvaltaren vurdere å vedta tvangsmulkt, jf. forureiningslova § 73.

I vedtaket om tvangsmulkt blir det sett ein ny frist for å sende inn dokumentasjon. Dersom denne fristen ikkje blir halden, må verksemda betale tvangsmulkta. Ei eventuell tvangsmulkt vil vere 50 000 kroner.

Eventuelle kommentarar til varselet om tvangsmulkt kan de sende til oss innan to veker etter at de har fått dette brevet, jf. forvaltningslova § 16.

### 5. Vedtak om gebyrsats

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda i brev datert 11. mai 2022.

Verksemder skal betale gebyr for kontrollar utførte av Statsforvaltaren i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemder etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta § 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventa ressursbruk må Indre Hordaland Miljøverk IKS betale eit gebyr på 52 500 kroner for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta § 39-8. Dette svarer til gebyrsats 5 for fleirdagstilsyn. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Statsforvaltaren viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

## Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker, jf. §§ 28 og 29 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Statsforvaltaren i Vestland. Statsforvaltaren vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følge, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

## 6. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland (jf. offentleglova) og nettstaden *Norske Utslipp*, [www.norskeutslipp.no](http://www.norskeutslipp.no).

## 7. Avvik

### Avvik 1: Mottakskontrollen på deponiet er ikkje tilfredsstillande

#### Avvik frå:

- Internkontrollforskrifta § 5 punkt 2 om kunnskap
- Internkontrollforskrifta § 5 punkt 7 om rutinar
- Løyve til deponidrift av 29. juni 2009 sist oppdatert 2. september 2022
  - punkt 2.1 Registrering og kontroll ved mottak av avfall
  - punkt 2.3 Avfall som kan deponerast
- Avfallsforskrifta kapittel 9 vedlegg II punkt
  - Basiskarakterisering
  - Verifikasjon av avfall som blir produsert jamleg

#### Kommentarar til regelverket:

##### I internkontrollforskrifta § 5 punkt 2

Arbeidstakarane skal ha tilstrekkeleg kunnskap i det systematiske miljøarbeidet. Dette inneber mellom anna at dei tilsette må ha kunnskap om krav til klassifisering, basiskarakterisering, verifikasjon og farleg avfall i avfallsforskrifta og løyve, og korleis dette skal dokumenterast og kontrollerast.

##### Rutinar – § 5 andre ledd punkt 7

Verksemda skal ha rutinar for å avdekke, rette opp og førebyggje brot på miljøregelverket. Rutinane må vere dokumentert slik at dei kan inngå i internkontrollen. Rutinar skal dokumenterast skriftleg og sikre at lover, forskrifter og vilkår i løyvet blir haldne. Rutinar må vere utarbeidd slik at dei ikkje er avhengig av enkeltpersonar for å bli følgt, men er lett å følge, også ved bruk av eventuelle vikarar.

##### Krav til mottakskontroll for deponi – avfallsforskrifta kapittel 9 vedlegg II og punkt 2.1 i løyvet

Det går fram av løyvet og avfallsforskrifta kapittel 9 vedlegg II at deponi har omfattande krav til mottakskontroll. For å sikre at avfallet som blir deponert er i samsvar med kriteri i forskrifta, er det avgjerande at deponiet har oppdatert kompetanse og rutinar som sikrar at krava i forskrifta blir følgt.

### Basiskarakterisering – avfallsforskrifta kapittel 9 vedlegg II punkt 1.1

Det er viktig at deponia krev god nok dokumentasjon frå avfallsprodusenten på avfallet som skal deponerast. Basiskarakteriseringa må innehalde alle nødvendige opplysningar for at deponieigar skal kunne ta stilling til om kriteria for mottak er oppfylte og om avfallet kan deponerast. For å sikre dette må avfallsprodusenten legge fram samla dokumentasjon med logisk oppsummering som er forståeleg.

### Verifikasjon av avfall som blir produsert jamleg – avfallsforskrifta kapittel 9 vedlegg II punkt 1.3

Dersom avfallet oppstår jamleg skal avfallsprodusenten sørge for at avfallet blir verifisert. Verifikasjonen skal vise at avfallets eigenskapar er i samsvar med resultatane i basiskarakteriseringa. Verifikasjonen skal mellom anna omfatte kontroll av utvalde kritiske parametarar som vart bestemt i basiskarakterisering, under dette testing av utlekkingspotensial.

Jamlege leveringar av forureina massar frå same avfallsprodusent krev omfattande vurderingar og opplæring for å kunne gjere gode val. Dei skriftlege rutinane må innehalde informasjon om kva dei tilsette skal spørje om og undersøke i samsvar med avfallsforskrifta kapittel 9 vedlegg II punkt 1.3.

I punkt 2.3 i løyvet er det mellom anna følgjande krav:

Avfallet skal oppfylle mottakskriteria i avfallsforskrifta kapittel 9, vedlegg II om samansetjing, utlekkingspotensial, miljøverknader og andre eigenskapar for deponiet på kort og lang sikt.

### **Observasjonar:**

IHM har ein mottakskontroll av avfall som skal til deponi, men organiseringa og rutinen som skal sikre at avfall som blir deponert er i samsvar med avfallsforskrifta er mangelfull. Dette kan føre til at avfall som ikkje skal deponerast, blir deponert.

IHM har ein skriftleg rutine «549 Basiskarakterisering og mottakskontroll av avfall til deponi». Det er manglar i rutinen som gjer at den ikkje vil fungere i praksis ved normal drift og heller ikkje for vikarar.

Dette er basert på følgjande observasjonar:

- Det går ikkje tydeleg fram av rutinen kven som skal vurdere og kven som har myndigheit til å avgjere om avfall skal deponerast.
- Det går ikkje tydeleg fram av rutinane kva avfall som krev ein meir omfattande dokumentkontroll.
- Fleire krav i frå til dømes avfallsforskrifta kapittel 9 om deponering av avfall står skrive som dei står i forskrifta, men det står ikkje omtalt i rutinen korleis det skal gjennomførast i praksis. Til dømes står det i rutinen at vektoperatør har ansvar for at det blir førevist ein gyldig basisdeklarasjon ved leveransar og at dersom avfallet er testpliktig skal basisdeklarasjon verifiserast av opplært personell. Det står også: «Hvis det er mistanke om at avfallet er forurenset slik at grenseverdiene i 2.1 kan overskrides, skal avfallet testes». Det står ikkje i rutinen kva vektoperatøren skal sjå etter og kva kriterium vektoperatøren skal vurdere etter for å ta avgjerda på om avfallet er testpliktig eller ikkje.
- Figur med ansvarsfordeling ved mottak av massar til deponi viser ikkje korleis dokumentkontrollen av forureina massar blir handtert. Dokumentasjon kjem gjerne på førehand og då er det ikkje vektoperatør som får dokumenta først.
- Det går ikkje fram av rutinen kva krav som blir stilt til avfallsleverandøren for å få god nok dokumentasjon på avfallet som skal leverast til deponi. Til dømes er dokumentasjonen frå Nyrstar AS på deponert slagg frå 2018 mangelfull og usamanhengande.

## Avvik 2: Internkontrollen for ytre miljø er mangelfull

### Avvik frå:

- Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 6 om kartlegging av risiko og handlingsplanar
- Løyve til deponidrift av 29. juni 2009 sist oppdatert 2. september 2022
  - punkt 8.3 om vassbalanserekneskap
  - punkt 8.4 om overvaking av sigevatn, overflatevatn og grunnvatn
- Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 8 om overvaking og gjennomgang

### Kommentarar til regelverket

#### Kartlegging av risiko og handlingsplanar – Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 6

Verksemda skal kartlegge farar og problem og på bakgrunn av dette vurdere risiko og utarbeide planar og tiltak for å redusere risikoforholda.

#### Vassbalanserekneskap – punkt 8.3 i løyvet til deponidrift

På bakgrunn av resultat frå anna overvaking, skal verksemda lage eit vassbalanserekneskap for siste kalenderår. Vassbalanserekneskapet skal vise mengdene diffus utlekking av sigevatn frå deponiet til resipient, og kartlegge kvar og kva spreingsvegar sigevatnet har ut i resipient.

#### Overvaking av grunnvatn – punkt 8.4 i løyvet til deponidrift

Verksemda skal ha eit overvakingssystem for sigevatn, overflatevatn og grunnvatn i samsvar med avfallsforskrifta kapittel 9 vedlegg III og Miljødirektoratet sin rettleiar TA 2077/2005 om overvaking av sigevatn frå avfallsdeponi. Overvakinga skal dokumentere optimal drift av reinseanlegget og vise i kva grad deponiet verkar inn på grunnvatn eller overflatevatn.

#### Overvaking og gjennomgang – § 5 andre ledd punkt 8

Verksemda skal foreta systematisk overvaking og gjennomgang av internkontrollen for å sikre at den fungerer som føreset. Overvaking og gjennomgang skal dokumenterast skriftleg.

### Observasjonar

#### Tilbakempumping av sigevatn er ikkje skriftleg miljørisikovurdert

Tilbakempumping av sigevatn er ikkje skriftleg miljørisikovurdert. IHM har opplyst at Multiconsult er hyra for å bistå med å risikovurdere tilbakepumping av vatn/slam etter reinsing og at det blir vurdert å frakte sedimentet til anna avfallshandtering enn tilbakeføring.

#### Vassbalanserekneskap og rapport om grunnvatn manglar handlingsplan

IHM har gjennom Multiconsult utarbeidd vassbalanserekneskap og rapport med vurdering av sigevasspåverknad på grunnvatn, men har ikkje utarbeidd handlingsplan basert på rapportane. I rapport om grunnvatn står det mellom anna at det er anbefalt at analyseparametrane i overvakingssystemet blir utvida til også å omfatte tungmetall, PAH og oljesambindingar. Det står også at det er anbefalt å etablere nokre grunne grunnvassbrønnar som fangar opp eventuell forureining i eit grunnare magasin. IHM opplyste under tilsynet at det skal lagast handlingsplan basert på rapportane i samråd med Multiconsult.

### Overvaking av internkontroll

IHM mangla systematisk overvaking og gjennomgang av internkontrollen for å sikre at den fungerer som føreset. Avvik etter tilsyn i 2021 og 2022 viser at verksemda ikkje har oppdatert rutinar og praksis etter miljøregelverk. Dette er basert på følgjande observasjonar:

- Verksemda har fått avvik i 2021 og 2022 på at ikkje alle krav i løyve til deponidrift blir følgt.
- Verksemda hadde ikkje oppdatert interne rutinar etter regelendring i 2016 i avfallsforskrifta vedlegg II om kriterium som gjer avfall til farleg avfall.
- Manglande oppfølging av plikta kommunen har i avfallsforskrifta § 1-8 til oppbevaring av EE-avfall.

### **Avvik 3: Lagring og handtering av avfall oppå deponiet er ikkje i samsvar med krav**

#### **Avvik frå:**

Løyvet til deponidrift sist endra 2. september 2022:

- punkt 1.2 om at all forureining frå verksemda isolert er uønskt
- punkt 7 om å setje i verk tiltak om nødvendig

Løyvet til mottak og lagring av farleg avfall datert 21. september 2018

- punkt 3.4 om krav til dekke ved lagring av farleg avfall
- punkt 3.5 om krav tak og skjerming ved lagring av farleg avfall

Avfallsforskrifta § 1-8 om kommunens plikt til å sørge for sortering og oppbevaring av EE-avfall

#### **Kommentarar til regelverket:**

Aktivitetar som er omfatta av løyvet – punkt 7 i løyvet til deponidrift

I tillegg til deponidrift omfattar løyvet drift av:

- omlastingsanlegg for hushalds- og næringsavfall
- komposteringsanlegg for hage- og parkavfall
- kverning av trevirke
- sorteringsplass for avfallskontroll og blanda avfallsfraksjonar
- mellomlager av utsorterte avfallsfraksjonar
- gjenbruksstasjon for hushald og næringsverksemd

Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg – punkt 1.2 i løyvet til deponidrift

All forureining frå verksemda, her under utslepp til luft og vatn, samt støy og avfall, er isolert uønskt. Sjølv om utsleppa ligg innanfor rammene av løyvet, er verksemda plikta til å redusere sine utslepp så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader.

Sette i verk tiltak om nødvendig – punkt 7 i løyvet til avfallsdeponi

Verksemda skal for alle aktivitetane vurdere og setje i verk tiltak som er nødvendig for å sikre at handtering og lagring ikkje fører til uakseptable utslepp til luft, jord og vatn, eller ulemper for nærmiljøet.

Forsvarleg oppbevaring av farleg avfall – punkt 3.4 og 3.5 i løyvet til mottak og lagring av farleg avfall  
Handtering, inkludert lagring av farleg avfall skal gå føre seg på tett dekke. Verksemda kan nytte anna lagringsmåte viss miljørisikovurderinga viser at dette gir like låg risiko og elles er innanfor krava i løyvet.

Handtering, inkludert lagring av farleg avfall skal som eit minimum gå føre seg under tak og skjerma for vêr og vind.

Plikt til å sørge for sortering og oppbevaring av EE-avfall – avfallsforskrifta § 1-8

EE-avfall skal sorterast frå anna avfall og oppbevarast på eigna stad. Oppbevaringa skal ikkje virke skjemma eller innebere fare for forureining eller skade på menneske eller dyr. Moglegheita for førebuing til ombruk, materialgjenvinning og utsortering av komponentar i EE-avfallet skal ikkje reduserast.

### **Observasjonar:**

Kverning av blanda avfall

Bedrifta opplyste under tilsynet at dei kvernar blanda avfall (grovavfall frå hushald og næring). Kverning av blanda avfall er ikkje omfatta av løyvet.

Under tilsyn ved IHM Bjørkemoen Gjenbruksstasjon datert i 2018 var ikkje kverning av blanda avfall tema, men vi påpeikte plikt til å søkje om løyve i inspeksjonsrapporten. Vi har ikkje mottatt søknad.

Lagring og handtering av avfall på grus oppå deponiet

Under tilsynet observerte vi at følgjande vart lagra på grus utandørs oppå deponiet:

- farleg avfall – knuste lysstoffrøyr
- EE-avfall
- kablar
- bildekk
- metall
- hageavfall
- blanda avfall (grovavfall frå hushald og næring)

I tillegg vart blanda avfall kverna på grus utandørs oppå deponiet.

Fleire av avfallstypene inneheld helse- og miljøfarlege stoff som kan spreie seg til miljøet dersom dei blir utsett for vêr og vind. Grus er ikkje tilstrekkeleg tett til å hindre avrenning frå å trenge gjennom grunnen og delar av avrenninga vil gå til overvassystemet, jf. vassbalanserapport utarbeidd av Multiconsult i 2022 for Bjørkemoen deponi. Det vart under tilsynet observert at toppdekket på deponiet var tydeleg forureina med avfallstypar som hadde blanda seg med grusen.

Det var ikkje eit klart skilje mellom dei ulike avfallstypene som vart lagra. Til dømes vart blanda avfall lagra delvis på ei komposteringsranke av hage- og parkavfall.

IHM opplyste under tilsynet at dei har planar om å gjere ei ny kartlegginga av korleis avfall blir lagra og handtert på anlegget, og bruke det til å oppdatere flytskjema for prosessane. Vidare opplyste IHM at EE-avfall og farleg avfall var rydda vekk etter tilsynets første dag.



## 8. Merknad

Vi gav ingen merknader under tilsynet.

## 9. Andre forhold

### **Avslutning av tilsyn 13. og 15. september 2021 (rapport 2021.006.I.SFVL)**

IHM har sendt dokumentasjon på korleis avvika er følgt opp. Nedanfor er tilbakemeldinga frå IHM kort oppsummert med kommentar frå Statsforvaltaren for kvart avvikspunkt:

#### Avvik 1 – Mottakskontroll

Verksemda har gjort forbetringar som til dømes å lage flytskjema og oppdatere rutinar. Mottakskontrollen er likevel framleis ikkje tilfredsstillande. Avviket blir derfor følgt opp gjennom nytt avvik 1 i denne rapporten.

#### Avvik 2 – Reinsing av sigevatn

Verksemda har opplyst at dei har rutine for tømning av sedimentasjonsbassenget til det gamle reinseanlegget ved Raundalselva og har sendt inn skriftleg rutine der dette er omtalt. Vi tok tilbakemeldinga til orientering i brev datert 6. april 2022, og krev ikkje meir tilbakemelding på dette.

#### Avvik 2 – Vassbalanserekneskap

IHM har gjennom Multiconsult utarbeidd vassbalanserekneskap for 2021 og rapport med vurdering av sigevasspåverknad på grunnvatn, men har ikkje utarbeidd handlingsplan basert på rapportane. IHM opplyste under tilsynet at dette skal lagast i samråd med Multiconsult. Dette blir følgt opp gjennom avvik 2 i denne rapporten.

#### Avvik 2 – Tilbakepumping av vatn/slam etter reinsing er ikkje miljørisikovurdert

IHM har opplyst at Multiconsult er hyra for å risikovurdere tilbakepumping av vatn/slam etter reinsing og at det blir vurdert å frakte sedimentet til anna avfallshandtering enn tilbakeføring. Vi ber om dokumentasjon på at risikovurderinga er gjort. Avviket er følgt opp under nytt avvik 2.

#### Avvik 2 – Overvaking av sigevatn

IHM har oppdatert prøvetakingsprogrammet og vi tok dette til orientering i brev datert 6. april 2022, og krev ikkje meir tilbakemelding på dette. Vi føreset at prøvetakingsprogrammet blir oppdatert i samsvar med handlingsplan under nytt avvik 2 i denne rapporten.

#### Avvik 3

IHM har opplyst at funna i rapporten «Måling av deponigasslekkasje frå Bjørkemoen 2015» er følgt opp og at området er tildekt med nye massar. Statsforvaltaren tok dette til orientering i brev datert 6. april 2022, og krev ikkje meir tilbakemelding på dette.

#### Konklusjon

Avvik etter tilsyn i 2021 som IHM ikkje har lukka, er følgt opp med nye avvik i denne rapporten etter nytt tilsyn i 2022. IHM har hatt framdrift i lukking av avvik og vi vil derfor ikkje drive inn tvangsmulkt no som vart varsla i brev 6. april 2022. Vi avsluttar med dette tilsynet utført 13. og 15. september 2021.

## **Nyrstar-slagg**

IHM har tatt imot slagg frå Nyrstar. Dette er følgd opp som avvik 1 i rapport 2021.006.I.SFVL og i brev datert 6. april 2022. Vi vil følgje dette opp vidare som eigen sak.

## **Behov for oppdatering av løyve**

Aktivitetane under punkt 7 i løyvet til deponiet er alle aktivitetar som dei siste åra har fått strengare krav til handtering. I rapport frå inspeksjon ved IHM Bjørkemoen Gjenbruksstasjon datert 11. juni 2018 vart IHM derfor bedt om å søkje om endra løyve for alle aktivitetane sine med unntak av deponi. Vi har ikkje mottatt søknad. Vi vil derfor sende varsel om pålegg om å sende inn opplysningar om alle aktivitetane og mengder avfall på lager. Løyvet til deponi vart sist revidert i 2009 og er derfor over 10 år gammalt. Etter forureiningslova § 18 tredje ledd kan vi revidere alle vilkår på nytt etter 10 år.

I tillegg kan kverning av avfall over ein viss storleik vere omfatta av BAT for avfallsanlegg som vart vedtatt i 2018. IHM kvernar hageavfall, trevirke og blanda avfall frå hushald og næring, i tillegg til å kompostere hageavfall. Kapasiteten til desse aktivitetane skal leggest saman ved vurdering om aktivitetane er omfatta av BAT for avfallsanlegg. Vi vil også i varsel om pålegg om å sende inn opplysningar, be om vurdering om desse aktivitetane er omfatta av BAT for avfallsanlegg.

## **Avslutning- og etterdriftsplan for deponiet**

IHM har frist til 31. desember 2022 til å sende inn avslutning- og etterdriftsplan for deponiet. Statsforvaltaren stiller opp for møte undervegs for avklaringar om nødvendig.

# **10. Dokumentunderlag**

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensningar og om avfall (forureiningslova)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Statsforvaltaren